

Saksbehandlar: Johan J Meyer
Sak nr.: 2015/1434-621

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------|--------|------------|
| Tilsetjingsutval | | 30.04.2018 |
| Fellesnemnda | | 04.05.2018 |

Tilsetjingssak - prosjektleiar/ ny fylkesrådmann

Tilsetjingsutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. vert tilsett i stillinga som prosjektleiar/ fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen.
2. Den som vert tilsett tek til i stillinga som prosjektleiar etter nærare avtale.
3. Fellesnemnda delegerer fullmakt til til å gjere avtale om løn og andre vilkår for stillinga.

Vedlegg:

Innstilling frå rekrutteringsfirmaet Visindi vert lagt fram i møtet.

SAKSFRAMSTILLING

Fellesnemnda -AU gjorde følgjande vedtak i sak PS 3/2018:

1. *Fylkesordførarane fastset eit opplegg for samtalar med fylkesrådmennene, slik dette er skildra i saksframlegget, og gjennomfører desse samtalane så snart som mogleg.*
2. *Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vert lyst ut eksternt.*
3. *Tilsetjingsutvalet ber leiaren syte for at det vert gjort avtale med rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysing og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann. ...*

I samsvar med pkt 2 og 3 i vedtaket har leiar for tilsetjingsutvalet gjennomført forenkla konkurranse om anskaffing av tenesta for å gje bistand i prosessen kring tilsetjing av prosjektleiar/ fylkesrådmann. HR-seksjonen i Hordaland fylkeskommune har gjeve bistand til leiar for tilsetjingsutvalet i samband med denne anskaffinga.

Firmaet Visindi vart tildelt oppdraget og kontrakt teikna 16. februar i år.

I den vidare prosessen har HR-sjef frå Hordaland fylkeskommune/ økonomi- og organisasjonsavdelinga vore administrativ kontakt for rekrutteringsfirmaet.

Om Rekrutteringsprosessen

Arbeidsutvalet har saman med to oppnemnde representantar for dei tilsette: Marius Kjørmo (Akademikerne) og Svein Sandvold (LO), utgjort tilsetjingsutvalet.

Prosessen er utførleg omtalt i innstillinga frå Visindi.